

Handlingsplan 2014 – 2017

EKSTERN TENESTE

Gol kyrkjelege fellestråd

Budsjettforslag 2014							
	Kontonavn:	41,krk.admin	42,kyrkjer	43, kyrkjegard	44,andre krk.f	Totalt pr. kto.2013	Budsjett 2013 inkl red
16000	Brukarbet. ved k.ten.(bryllup, gravferd)	0	-25 000	-10 000	0	-35000	-35 000
16100	Betaling frå deltakerar (leir, natt-cup)	0	0	0	-40 000	-40000	-40 000
16200	Sal av varer og tenester u/mva (gravstell)	0	0	0	0	0	0
16209	Billettinntekter	0	-5 000		0	-5000	-5 000
16300	Festeavgift	0	0	-84 000	0	-84000	-84 000
16301	Utleige av kyrkja	0	-5000	0	0	-5000	-5 000
16500	Sal av varer og teneste m/mva	0	0	-80 000	0	-80000	-70 000
17009	Refusjon fra staten, lønn (NAV)	0	0	0	0	0	0
17100	Sjukelønnsrefusjon	0	0	0	0	0	0
17700	Refusjon fra andre, kremasjonsutg.	0	0	-33 900	0	-33900	-20 000
17900	Motpost kalkulatorisk tenesteyting	-300000	0	0	0	-300000	-300 000
18000	Statstilskot	0	0	0	-517 000	-517 000	-264 000
18300	Tilskot frå kommunen	-4 136 400	0	0	0	-4 136 400	-3 967 800
18400	Fra kyrkjeleg fellesråd andre komm.	0	0	0	0	0	0
18407	Gaver/ofringer med mer	0	0	0	-65 000	-65 000	-60 000
18700	Tilskudd/gaver frå andre	0	0	0	0	0	0
19000	Renteinntekter	-30 000	0	0	0	-30 000	-30 000
	Sum inntekter	-4 466 400	-35 000	-207 900	-622 000	-5 331 300	-4 880 800
10100	Løn, månadsløn	822 500	610 300	393 100	692 600	2 518 500	2 184 200
10101	Løn, timeløn (klokkar,reinhaldar)	0	24 800	0	0	24800	23 400
10105	Kveld-/laurdag-/søndagstillegg	0	37 000	0	14300	51300	42 700
10200	Løn, vikar	0	31 500	52 800	0	84300	81 400
10300	Løn ekstrahjelp	0	0	37 000	0	37000	0
10400	Overtid- helgetillegg	0	40 800	0	0	40800	29 300
10500	Anna løn - trekkpliktig godtgjering	0	0	0	0	0	0
10501	Skattepliktig telefongodtgjersle	8000	0	0	0	8000	8 000
10600	Honorar	0	0	0	0	0	0
10800	Godtgjersle folkevalde	0	0	0	97 000	97000	95 000
10900	Pensjonspremie (KLP)	104 400	93 100	60 500	88 300	346 300	295 900
10990	Arbeidsgjevaravgift	99 500	88 800	57 700	84 300	330 300	282 300
11000	Kontormatriell	10 000	3 000	3 000	3 000	19 000	19 000
11005	Undervisningsmateriell, trusopplæ.	0	0	0	29 000	29 000	29 000
11100	Biblar brudepar	0	6 000	0	0	6 000	6 000
11101	Konfirmantopplæring	0	0	0	60 000	60 000	60 000
11102	Honorar, arrangement i kyrkja	5 000	32 000	0	10 000	47 000	47 000
11105	Matvarer	3 000	0	0	18 000	21 000	21 000

11107	Kremasjonsavgift	0	0	33900	0	33 900	20 000
11200	Annet forbr.matr.	5 000	15 500	15 000	15 000	50 500	45 500
11201	Gitte g�aver	9 000	0	0	7 000	16 000	16 000
11202	Kontigenter (Kopinor,)	40 000	0	0	0	40 000	40 000
11203	Arbeidst�oy	0	6 000	5 000	0	11 000	9 600
11206	Servering	4 000	0	0	8000	12 000	12 000
11209	Andre driftsutgifter	10 000	5 000	5 000	5 000	25 000	25 000
11300	Post banktenester telefon (Novar)	30 000	4 000	2 000	2000	38 000	36 000
11400	Annonser, reklame, informasjon	2 000	2 000	2 000	40 000	46 000	46 000
11500	Kurs, m�oter m.m.	8 000	8 000	5 000	15 000	36 000	29 000
11505	Transportutg. etter rekning	5 000	2 000	3 000	10 000	20 000	17 000
11600	Kilometergodtgjersle	6 000	13 000	13 000	23 000	55 000	45 000
11700	Drift av egne transportmidler	0	0	9 000	0	9 000	9 000
11800	Energi, str�om	0	145 000	0	0	145000	97 000
11850	Forsikringer, vaktjenester	18 500	59 000	3 000	0	80 500	78 500
11900	Gol bedehus, husleige	0	0	0	53 600	53600	50 000
11950	Avgifter, gebyrer, lisenser, (Tono, KA, data	28 000	14 000	0	0	42 000	42 000
12000	Inventar og utstyr (leie av lyd/lys)	5 000	50 000	50 000	0	105 000	105 000
12300	Vedlikehold	0	42 000	63 000	0	105000	105 000
12400	Serviceavtaler (securinet, eltek)	0	19 000	8 000	0	27000	27 000
12501	Orgel, drift	0	10 000	0	0	10000	10 000
12700	Konsulenttenester (revisjon)	20 000	10 000	10 000		40 000	40 000
12701	Gravehjelp	0	0	291 500	0	291 500	303 000
13000	Refusjon til staten/bisped�omme	0	0	0	3 000	3 000	3 000
13400	Refusjon til andre fellesr�ad	0	0	0	0	0	130 000
13900	Kalkulatoriske utgifter komm. Tenesteytin	300 000	0	0	0	300 000	300 000
14500	Overf�oring til sokner�ad	0	0	0	0	0	0
15209	Andel KLP	16 000				16 000	16 000
15400	Avsetning til disposisjonsfond				0	0	0
15700	Overf�oring til investeringsbudsjettet		0	0	0	0	0
	Sum utgifter:	1 558 900	1 371 800	1 122 500	1 278 100	5 331 300	4 880 800
	Sum inntekter:	-4 466 400	-35 000	-207 900	-622 000	-5 331 300	-4 880 800
						0	

Sak 31/13: BUDSJETTFORSLAG 2014

Saksdokument:

Arkiv: 112

1. Notat frå Gol kommune- rådmannen og økonomisjefen
2. Budsjettforslag drift Gol kyrkjeleg fellelsråd for 2014

Dokument 2 ligg ved saka.

Saksopplysningar:

Budsjettforslag for 2014 er sett opp med dei stillingane som kyrkja har. I 2013 er det skore 10% på kyrkjeværje og 20% på sekretær for å få budsjettet for 2013 til å gå opp. I taloppsettet er budsjettet for 2014 sett opp med full bemanning, men det er rekna ut kva ein kan spare ved å fortsatt skjera ned på stillingar. Dette er teke med i tekstdelen under punktet økonomi.

I tillegg er det lagt inn att i budsjettet arbeid med flytting av gravminne, på same måten som det har vore tidlegare år (ikkje i 2013), men også denne posten er synleggjort i eventuelle nedskjeringar i tekstdelen.

På inntektssida blir det jobba med å rekna ut kva ei eventuell gradering av festeavgift vil utgjera, men dette er ikkje lagt inn i taldelen/reknearket.

Kommentarar til enkelte av postane:

Lønsbudsjettet (art 10100 -10990)

I budsjetttrundskrivet frå kommunen står det at ein skal legge på 3,5 % i lønsauke. For nokre år attende vart det brukt 5%. Lønsutgiftene er lagt inn med 3,5% auke. Berekna årslønsvekst på landsbasis for fellelsrådstilsette 2011-2012 var 4,14 %. Frå 2012 -2013 er total årslønsvekst på landsbasis for fellelsrådstilsette 3,76%. Det er viktig å presisere at lønsauken berre gjeld deler av året, vanlegvis frå 1. mai eller 1. juli.

På fastløn, samt tillegg laurdag/søndag/kveldstillegg og pensjon og arbeidsgjevaravgift vil ein av reknearket sjå at postane er auka meir enn 3,5 %. Dette kjem av at løn og sosiale utgifter for 60% kyrkjelydspedagog/trusopplærar nå skal førast rett i Gol sitt budsjett. Tidlegare vart dette ført over Hemsedal sitt budsjett og refusjonskrav sendt til fellelsrådet i Gol frå Hemsedal. Dette refusjonskravet var berre på utgifter etter at statstilskotet var trekt frå. Frå 1. august 2013 blir løna utbetalt direkte frå Gol etter som stillinga nå er delt på ein person i Gol og ein i Hemsedal.

Motpostane til denne auka løna vil vera at utgifter refusjon andre fellelsråd vil minke og inntektsposten statstilskot vil auke. Det er også lagt inn noko auke på ein del andre driftspostar som før låg til Hemsedal.

Vikar på kyrkjegardane står med same sum som i 2013, berre med lønsauke på 3.5 % til 52 800 kr. Dette til tross for at stell av graver som fellelsrådet sel, er auka frå 850 til 1000 kr i året. Fellelsrådet har ei inntekt på over 60 000 kr i året på stellavtaler. Dette dekker både stell, kjøp av planter og administrering av avtalene.

I 2013 vart det skore 20% på sekretærstilling og 10% på kyrkjeværjestilling for å få budsjettet til å balansere. I tillegg vart det teke bort ein post på 37 000 kr som siste åra har vorte brukt til å flytte gravminne etter omreguleringa som var i 2009. Alle desse postane er lagt inn i talbudsjettet, men vil bli omtala under eventuelle nedskjeringar.

Driftsbudsjett utgifter (art 11000 -12999)

I Gol kommune sitt direktiv er det lagt opp til 3 % auke på driftspostane frå budsjettet 2013. Dette utgjer 41 658 kr i auke på driftspostar. Då er utgifter til kremasjon halde utanom då desse utgiftene berre blir vidarefakturert til pårørande. Kalkulatoriske utgifter for tenesteytingsavtale frå kommunen er også halde utanom dette reknestykket. Det same gjeld refusjon andre fellelsråd då desse utgiftene nå er ført inn i lønsbudsjettet og på andre utgifts- og inntektspostar i budsjettet.

I forslag til budsjett 2014 er nokon postar auka og andre er redusert utifrå kva som er brukt siste åra og kva vi veit kjem av utgifter. Posten om refusjon andre fellesråd er stroke og utgiftene her ligg fordelt på lønsutgifter og på statstilskot på inntektssida.

Følgjande postar er auka:

Straumutgifter	48 000 kr	(utifrå tal i rekneskapen for 2011 og 2013). I 2012 vart utgiftene mykje mindre pga låge straumprisar.
Arbeidstøy	1 400 kr	
Husleige Gol bedehus og Breidokkstugu	3 600 kr	Bedehusleiga er indeksregulert. I tillegg blir husleige for erindringsgruppe som diakonen har på Breidokkstugu nå ført her. Denne summen ca 2000 kr kjem inn att på post 18407.044 då deltakarane betaler inn att husleiga.

Totalt ein auke på 53 000 kr

Følgjande postar er redusert:

Gravehjelp	11 500 kr
3% auke driftspostar utgjær	41 658 kr
Totalt utgjær dette 53 158 kr.	

Auke/reduksjon i postar på grunn av omlegging kyrkjelydspedagogstillinga:

Følgjande postar er auka:

Lønspostar inklusiv tillegg og sosiale utgifter (284 800 kr), telefonutgifter (2000 kr), kurs (7000 kr), transportutgifter etter rekning (3000 kr), kilometeravgift (10 000 kr), forsikring (2000 kr) og anna forbruksmateriale (5000 kr). Tilsaman utgjær dette 313 000 kr.

Følgjande utgiftspostar er redusert/inntekstpostar auka:

Refusjon andre fellesråd redusert (130 000 kr) og auka statstilskot (233 600 kr). Tilsaman 363 600 kr.

Det har stått 130 000 kr i budsjettet siste åra, men ikkje alt er gått med til stillinga. Personen som nå er tilsett har kort ansiennitet og derfor ei lågare løn enn tidlegare tilsett. Derfor er det eit gap i pluss frå sist budsjett på 50 000 kr.

Driftsbudsjett inntekter (art 16000-19000)

I budsjettdirektivet frå kommunen ligg det inne prisauke på inntekter for kommunen sine tenester på 4%. Alle kyrkjelege takstar vart endra i 2013 med mykje meir enn 4% og kan ikkje endrast for 2014. Festeavgifta vart regulert i 2012 med ein auke på 50%. Alle kommunane i Hallingdal har nå ei festeavgift på 150 kr i året per grav utanom Nes som har 170 kr i året. Gol ligg på 150 kr. Det har vore drøfta om ei eventuell gradering av festeavgifta etter kor gamle gravene er, kunne vore aktuelt. Det finns kommunar som har ei slik ordning. Det er mykje usikkert rundt takstar for festeavgift og andre avgifter i høve gravferdsarbeid. Eit statleg utval arbeider med ei utgreiing i høve desse spørsmåla. Dette utvalet skal vera ferdig med sitt arbeid våren 2014. I kjølvatnet av denne utgreiinga, vil det mest sannsynleg koma direktiv for takstar i høve gravferdsarbeid. Det blir derfor eit spørsmål om ein eventuelt skal justere satsane nå eller etter at vi veit kva denne utgreiinga og eit eventuelt direktiv vil innehalde. Mest sannsynleg vil ikkje dei andre kommunane i Hallingdal justere festeavgifta nå.

Statstilskotet på trusopplæringa er lagt inn på statstilskot i tillegg til det som ligg der frå før på diakonstillinga. Det er grunnen til at denne posten aukar så mykje.

Investeringsbudsjettet

Når det gjeld investeringstiltak så vises det til FR sak 23/13: Økonomiplan 2014-2017 der det vert søkt kommunen om 410 000 kr til ny hellegang ved Gol kyrkje. Fellestrådet ber i same vedtak om eit møte med formannskapet for å kunne drøfte løysingar for investering av ny hellegang.

I fleire år har det vore lagt inn 200 000 kr i tilskotet frå kommunen for mindre investeringar. Dette tilskotet vart noko mindre i 2012 og heilt borte i 2013. Det er ikkje søkt om slikt tilskot for 2014.

Økonomi:

I budsjettdirektivet kjem det fram at kommunen må finne innsparingar eller auka inntekter på ca 12 mill kroner. I budsjettforslaget til fellestrådet vert det søkt om eit tilskot frå Gol kommune på 4 136 400 kr. Dette er 168 600 kr meir enn fellestrådet mottok i tilskot for 2013. 3,5% lønsauke utgjer 112 300 kr inklusive tillegg og alle sosiale utgifter. 3% prisauke på driftsauke utgjer 41 600 kr. Tilsaman utgjer dette 153 900 kr. Når differansen frå 2013 til 2014 ikkje er større før eventuelle nedskjeringar av stillingar som ligg i 2013, er det fordi inntektsida er auka meir enn utgiftssida er auka dersom ein trekker frå løns- og prisauke.

Eventuelle nedskjeringar tilsvarande dei fellestrådet la inn i budsjettet for 2013 vil i 2014 utgjera:

20% reduksjon av sekretærstilling inkl sosiale utgifter	96 000 kr
10% reduksjon kyrkjeverjestilling inkl sosiale utgifter	65 000 kr
Reduksjon av stilling på prosjekt for å flytte gravminne inkl sos. utgifter	46 600 kr

Eventuelle auka inntekter ved gradering av festeavgift blir jobba med og håpet er å leggja fram tal på dette i møtet.

Vurdering:

Administrasjonen går i 2013 med 30% mindre bemanning enn tidlegare år. Utbygginga i Herad kyrkje er ferdig og det medfører ein del mindre arbeid enn siste åra på bygg. Det daglege arbeidet går, men det er alltid ein del arbeid som skulle vore gjort betre og utført fortare.

Gravminneflytting grunna omreguleringa i 2008 og 2009 er eit prosjekt som burde vore utført kvart år. Nokon felt er ferdigstilte, men det står fortsatt att veldig mykje arbeid her- over halvparten. Dette er eit tidkrevande arbeid. I utgangspunktet laga fellestrådet ei plan i 2010 der dette arbeidet skulle vera sluttført i 2015. Vi ligg nå 2 år etter denne planen både på grunn av at arbeidet har teke lenger tid enn forutsett og fordi vi ikkje har hatt midlar siste året til å utføre dette arbeidet. Dersom denne posten blir skore år etter år, vil det vera eit problem å få sluttført dette prosjektet.

Forslag til vedtak:

1. Budsjettforslag for 2014 med ei total kostnadsramme på 5 331 300 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 136 400 kr til drift i tillegg til tidlegare søknad om midlar til ny hellegang Gol kyrkje på 410 000 kr.
3. Fellestrådet ynskjer eit møte med formannskapet i budsjettprosessen.

Gol kyrkjeleg fellestråd i møte 28.08.2013

VEDTAK:

1. Budsjettforslag for 2014 med ei total kostnadsramme på 5 331 300 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 136 400 kr til drift i tillegg til tidlegare søknad om midlar til ny hellegang Gol kyrkje på 410 000 kr.
3. Fellestrådet ynskjer eit møte med formannskapet i budsjettprosessen.